



Innspel til statsbudsjettet 2014

FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans

GENERELT

- Noreg er aleine om å ha ansvar for den norske folkemusikken og folkedansen.
- Noreg har ratifisert Unescos konvensjon om immateriell kulturarv.
- Folkemusikkmiljøet har ein stor breidde i aktivitet over heile landet, og der alt i heng i hop - lokale spel- og dansarlag, eldre tradisjonsberarar, profesjonelle musikarar og dansarar, arrangørar, arkiv, utdanningsinstitusjonar og interesseorganisasjonar.

Her er våre innspel til statsbudsjettet:

Folkemusikksentra:

Eit tilskot til regionale folkemusikksenter vil styrke arrangørane i regionane, gje effektive turnear, fleire oppdrag for musikarane og opplevingar til folk i heile landet. Ei slik satsing vil gjere musikk av høg kunstnarleg kvalitet tilgjengeleg for fleire.

> *Tilskot til Folkemusikksenter Nord og til Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans under post 74, må prioriterast i årets budsjett.*

Det frie feltet

Regjeringa har gjort framlegg om reduksjoner i tilskotet til Norsk kulturfond. Det rammar det frie feltet spesielt. Det er her den kunstnarlege utviklinga og innholdet vert skapt.

I framlegget til post 55 er særskilde ordningar prioritert. I norsk folkemusikk er solisttradisjonen særskild viktig, og i dag får dei ikkje tilskot på ensembleordninga. Det er difor naudsynt at også musikarstøtta blir prioritert her. I samband med dette er også kunstnarstipenda svært viktig for kunstnarleg utvikling for folkemusikken og -dansen.

> *Tilskotet til Norsk kulturråd, og kunstnarstipend må vere på nivået med framlegget i gul bok 2014. Musikarordninga må bli prioritert.*

Opplæring

Opplæring på alle nivå er ein føresetnad for å halde tradisjonane i live. For folkemusikken og -dansen er desse tilskota svært viktig.

Vaksenopplæringsmidlar

Vaksenopplæringsmidlane er viktig for dei lokal spel- og danselaga. Tilskotet til vaksenopplæring må få eit løft.

Ansvarer for dei organisasjonsrelaterte studieforbunda bør overførast til Kulturdepartementet.

Frifond:

(jfr kap 5.2.1. i Kulturdepartementets Proposisjon 1 S.)

Frifond er ei viktig stønadsordning for born og unge.

Satsinga på denne ordninga må halde fram og styrkast.

KOMP (post 74 til Norsk musikkråd)

Dette er ei viktig ordning for folkemusikkfeltet, og spesielt for dei lokale spel- og danselaga.

Ordninga må aukast til kr 7 000 000.

Kulturskulane

Vi ynskjer at fleire kulturskular i heile landet skal ha eit tilbod om undervisning i folkemusikk og folkedans. Kulturskulane må settast i stand til dette. Det er difor naudsynt med ei øyremerking til kommunane for at kulturskulane skal verte prioritert.

Hardingfelemakarutdanning (post 78)

Hardingfela er Noregs nasjonalinstrument og vi er aleine om å forvalte kunnskapen i å bygge hardingfeler. Det er få hardingfelemakarar igjen og det hastar å få etablert ei utdanning i faget.

> *Framlegget om å auke løyvingane til Ole Bull akademiet, og ei utdanning for hardingfelemakarar, må gjennomførast.*

TA KONTAKT:

FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans

Linda Dyrnes, dagleg leiar

tlf: 481 05 075 / post@folkemusikk.no

FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans vart stifta laurdag 21. november 2009 som ein samanslutning av Landslaget for Spelemenn (stifta 1923) og Norsk Folkemusikk- og Danselag (stifta 1987).

Organisasjonen har i dag omlag 5000 enkeltmedlemmer og 150 lokale spellemannslag. Blant våre medlemmer er både profesjonelle musikarar og dansarar, amatørar, spel- og danselag, arrangørar, instrumentmakarar og pedagogar. Organisasjonen har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrke deira rolle og vilkår i samfunnet.

”Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfald, eigenart, aktivitet, musikkglede, dansegleda, og framstå som ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”

FolkOrg har eit breitt arbeidsfelt. Me arbeider med utøvarutvikling, lokallagsutvikling, arrangørutvikling. Her er nokre av prosjekta våre

- Bladet Folkemusikk
- er det einaste folkemusikkbladet i landet.
- Nettstaden www.folkemusikk.no
- felles nettportal for folkemusikkfeltet i Noreg
- Landskappleiken
- årleg samling og tevling i folkemusikk
- Landsfestivalen i gammaldansmusikk
- årleg samling for gammaldans i Noreg.
- Folkelarm
- bransjetreff for folke- og verdsmusikk
- INTRO-folk
- talentkonkurranse for unge musikarar

Dagleg leiar: Linda Dyrnes

Styreleiar: Per Øyvind Tveiten
